



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	30.06.2026
Møtetid:	10:15 -17:25
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	
Erlend Kvamsdal	ordfører	H	
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H	
Kariann Ekren	medlem	H	Permisjon etter sak 39/2026 ca.kl.16
Gunnar Andvik	medlem	H	
Vebjørn Haugsdal	medlem	H	
Veronika Hjartholm	medlem	H	
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP	
Rigmor Søyvik	medlem	SP	
Stian Søyvik	medlem	SP	
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP	Møtte kl. 10.45
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP	Permisjon etter sak 39/2026 ca.kl.16
Ragnvald Tangedal	medlem	AP	
Aina Sleire	medlem	AP	
Ørjan Daae	medlem	FRP	
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP	
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Bjarte Andvik	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Helga Nyhavn Matre		H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bente Dagny Holmaas Halland	konsulent
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Bente Dagny Holmaas Halland

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 33/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 34/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 30.04.2026	
PS 35/2026	Interpellasjonar og spørsmål	
PS 36/2026	Kulturtiltaksmidlar 2026	
PS 37/2026	Finansrapportering pr. 30.4.2026	
PS 38/2026	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2026	
PS 39/2026	Rammer for årsbudsjett 2027	
PS 40/2026	Revidert kraftfondsbudsjett for 2026	
PS 41/2026	Konsesjonskraft, definisjonen alminneleg forsyning og datasenter	
PS 42/2026	Etablering av selskap for bruk av overskotsenergi på Matre	
PS 43/2026	Framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar i Masfjorden kommune	
PS 44/2026	Trafikksikringsprosjekt ved Nordbygda skule	
PS 45/2026	Framlegg til endring av reguleringsplan for bru over Masfjorden - offentlig ettersyn	
PS 46/2026	Framlegg til reguleringsplan for Hosteland Aust - fleirbrukshall	
PS 47/2026	Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 - 2039	
PS 48/2026	Gjennomføring av avtale som gjeld tap av parkeringsplassar i samband med fylkesvegutbetring ved gnr.20 bnr. 1 ved Rekneset.	
PS 49/2026	Samarbeidsavtale for regionrådet Nordhordland IPR (interkommunalt politisk råd)	

PS 50/2026	Godkjenning av endring av ny samarbeidsavtale for Vest brann og redningsregion KO
PS 51/2026	Val av styremedlemer til styret i Stordalen skisenter as
PS 52/2026	Val av styremedlemer til styret i Einekavane as
PS 53/2026	Forslag om reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken
PS 54/2026	Framlegg til visuell identitet for Masfjorden kommune 2026
PS 55/2026	Mellombels endring av alkohollova (unntak for maksimaltid for skjenking under fotball VM herrer 2026)
PS 56/2026	Referat- og orienteringssaker
RS 19/2026	Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære
RS 20/2026	Høringsbrev - endringer i organisasjonstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt
RS 21/2026	Som Vestland fylkeskommune må også kommunane ta kulturansvar. Fråsegn frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune til kommunestyra i Vestland fylke
RS 22/2026	Informasjon om innsyn i kommunane og fylkeskommunane
RS 23/2026	Avslag på søknad om økonomisk bidrag til evakueringsbil
RS 24/2026	Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 10.06.2026
RS 25/2026	Møteprotokoll frå eldrerådet 10.06.2026
RS 26/2026	Møteprotokoll frå ungdomsrådet 28.05.2026
RS 27/2026	Protokoll frå Representantskap 1-2026 Region Nordhordland Helsehus IKS, fredag 12. juni

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 33/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Erlend Kvamsdal (H) sette fram fylgjande merknader til saklista:

PS 54/2026 blir flytta opp på saklista, og blir tatt etter sak 35/2026.

PS 45/2026 og PS 46/2026 blir flytta opp på saklista.

Ordførar orienterte om framdrift i arbeidet om reguleringsplan for datasenter. Basert på framdrifta , kan denne saka komme opp i eit ekstra kommunestyremøte i siste halvdel av august.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 33/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vert godkjent med fylgjande justeringar:

PS 54/2026 blir flytta opp på saklista.

PS 45/2026 blir flytta opp på saklista.

PS 46/2026 blir flytta opp på saklista..

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 34/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 30.04.2026

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 34/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 30.04.2026:

Møteprotokollen frå kommunestyremøte 30.04.2026 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 35/2026 Interpellasjonar og spørsmål

Spørsmål tatt inn i protokollen sidan det ikkje var med i møteinnkallinga.

Spørsmål til reguleringsplan på Matre

Masfjorden Venstre bad om svar på følgjande spørsmål:

1.

Byggehøgde: Under informasjonsmøtet 28.05.2026 vart det skissert ei byggehøgde på inntil 22 meter. Gjelder denne høgda for heile datasenteret, eller berre for delar av bygningsmassen?

2.

Fotorealistisk visualisering: Vil administrasjonen sørge for at utbygger (Kitebrokk) legg fram nye og realistiske bilete/illustrasjonar som viser korleis anlegget faktisk vil sjå ut frå ulike siktlinjer på Matre? Venstre ber om at dette vert prioritert!

3.

Visuell framstilling av byggetrinn og sikring: Sidan området skal gjerdes inn og vaktsettast 24/7, korleis vil det omtalte gjerdet og dei tilhøyrande sikringstiltaka sjå ut i landskapet? Venstre etterspør visuelle framstillingar av heile det inngjerda området for dei ulike byggetrinna.

4.

Perspektiv for mjuke trafikantar: Korleis vil storleiken på datasenteret og gjerdeanlegget opplevast i augehøgde for ein fotgjengar som nyttar den planlagde turløypa som går like forbi?

Venstre føreset at denne informasjonen allereie er tilgjengeleg hos utbygger, og ber om at kommunestyret får tilgang til dette materialet i god tid før møte.

ass. rådmann Sveinung Toft svara ut spørsmål 1 : 22 meter og 20 m flatt tak i tråd med plandokumenta, og dei andre spørsmåla blir sendt over til plankonsulent for oppfølging.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 36/2026 Kulturtiltaksmidler 2026

Tove Kristin Sleire Tistel (V) kom med fylgjande forslag :

Venstre foreslår at : kommunestyremøte ber om klare kriterier for tildeling av kulturtiltaksmidler. Klare til neste år- 2027. Kommunestyret må få det til behandling som eiga sak, Rådmann kan då ta tildelinga i år.

Saka vart drøfta.

Det blei jobba fram fylgjande 2 framlegg til vedtak i møtet som blei røysta opp mot kvarandre::

Røysting :

1. Kommunestyret gir rådmann fullmakt til å tildele kulturtiltaksmidler 2026
Kommunestyret ber om klare kriterier for tildeling av kulturtiltaksmidler klar til neste år, og ber om at det blir tatt opp som eiga sak.
2. Saka blir behandla tiltak for tiltak. Habiliteten blir behandla tiltak for tiltak. Ber om sak med gjennomgang av retningslinjer og kriterier for tildeling av kulturtiltaksmidler.

Forslag 1: 13 røyster for (V,SP, Frp og H) og vart vedtatt.

Forslag 2: 4 røyster for (Ap) og fall.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 36/2026 Kulturtiltaksmidler 2026:

Vedtak frå kommunestyre:

Kommunestyret gir rådmann fullmakt til å tildele kulturtiltaksmidler 2026. Kommunestyret ber om klare kriterier for tildeling av kulturtiltaksmidler klar til neste år, og ber om at dette blir tatt opp som eiga sak.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 37/2026 Finansrapportering pr. 30.4.2026

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 37/2026 Finansrapportering pr. 30.4.2026:

Vedtak frå formannskapet:

Finansrapport for 1.tertial 2026/30.4.2026 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 38/2026 Økonomisk rapportering - 1.tertial 2026

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik (Ap) bad om at fylgjande blei protokollført:

Masfjorden Ap er sterkt uroa for den økonomiske utviklinga i kommunen. Første tertial er tilbaketrukket, og på ny ligg me an til å ikkje nå måltala våre. Slik var det i 2025 òg, men me fekk likevel landa eit godt resultat innanfor 1,75% resultatgrad. Det som er annleis i 2026, er at me har aksellert investeringstakten, frå 29 mill. i opphøveleg budsjett til 59 mill. i justert budsjett, noko som heilt klart vil gje ekstra utfordringar på drifta, og måltala om at rente- og avdragsutgiftene skal vere mindre enn inntektsveksten, vert heller ikkje nådd.

Rammene i overføringar frå staten og skatteinntang, altså driftsinntektene våre, er mellom anna basert på folketal, som no er i nedgang. Færre ukrainske flyktningar og historisk lågt fødselsrate, gjer at me må gjere ein enno større innsats for å oppnå ei balanse i drift. Me er altså på feil kurs.

Ser ein på kostnadsbilete, så finn ein ei vesentleg auke i pleie- og omsorg på heile 25 mill. frå rekneskap i 2025, til revidert budsjett i 2026. Dette er òg bekymringsverdig. Eit tilbakevendande tema er om me skal sjå på vikarbruken i pleie og omsorg. Me ber difor rådmannen om det framleis kan gjerast noko på den fronten, med mellom anna å auke grunnbemanninga, sjølv om den i utgangspunkt. er god eller få etablert eigen vikarpool. Er det ei sjukemelding i ei langvakt på sjukeheimen, ja så må den ofte erstattast med 2 kortidsvakter. Dette er ineffektivt, og ein klarar heller ikkje å lausrive seg frå dyre eksterne vikarbyrå.

Statsforvaltaren ber om at kommunen må ta til etterretning at demografien endrar seg vesentleg i åra som kjem, og ei omstilling frå oppvekstsektoren til pleie og omsorg også må vise igjen praksis.. Masfjorden Arbeidarparti har tatt fram samanslåing av ungdomsskulane i ytre deler av kommunen som eit mogleg tiltak, og som bør greiast ut. Dette forslaget opprettheld me. Det må sjølv sagt også vere fagleg og demografisk forankra i oppvekstsektoren. Uansett, poenget vårt er at me ikkje har ein uttalt strategi for denne omstillinga som Statsforvaltaren etterlyser.

Når me så er inne på oppvekstsektoren, så er det gledeleg at praksis i skulen, som underteikna fekk på dagsorden i 2024, og som resten av kommunestyret gledeleg har slutta seg til, sjølv om rådmannen var skeptisk. Det ser ein no ser resultata. Særdeles merkeleg at høgare vil ta æra av det!!

Ei anna sak som me inngjekk kompromiss på med høgare, var ein ekstra ressurs i skulen, dei kalla det vaktmester + me ynskja miljøarbeidar, men felles mål er å auke trivselen i skulen og jobbe mot ein nullvisjon på mobbing. Her har oppvekstleiar svara godt ut korleis skulane jobbar med trivselstiltak, og me håpar inderleg at dette er tilstrekkeleg. Om ikkje ein oppnår

ynskja målsetting med dette, så vil Masfjorden Ap kome attende til denne saka.

Alle ynskjer seg fleirbrukshall, men det må me ha sjølvstøtte og ha midlar til. Her meiner Masfjorden Ap at det er viktig med prioritering, slik at alle MÅ oppgåvene kjem før YNSKJER-oppgåvene. Me oppmodar derfor at prosjekt Fleirbrukshall vert økonomisk lagt på vent til me har omsorg pluss - bustadane er på plass.

Vebjørn Haugsdal (H) bad om at fylgjande blei protokollført :

Tusen takk for eit grundig notat og god gjennomgang av arbeidet i skulane våre. Det er ingen tvil om at det blir jobba godt for eit bra psykososialt miljø i skulen både frå tilsette og lærarar. Det som ikkje er nemnd er at også helsesjukepleiarane er inne bidreg til eit godt skulemiljø. Konklusjon frå oppvekstleiar er at bemanninga er tilstrekkeleg og det er fleire nye satsingsområde som skal bidra til at elevane skal trivast på skulen og at alle får ein trygg skulekvardag. Me har trua på den gode jobben som alle lærarar og tilsette gjer kvar dag. Me støttar oss derfor til vurderinga som ligg føre frå oppvekst.

Opphavet til notat som no ligg føre var at me kom med eit forslag i februar-møtet om ei vaktmeisterordning ved skulane våre om dette var eit behov. Det er derfor gledeleg å lesa konklusjonen frå oppvekstleiar at dette er noko som er ynskeleg å få plass.

Masfjorden Høgre har også fleire gongar dei to siste åra tatt opp viktigheita av styrking av teknisk. Me har fremma forslag i fleire omgangar om auka av tal på tilsette. Dette har me no forstått er kome på plass og ein har dermed fått betre kapasitet i avdelinga.

Me forventar no at ønsket frå oppvekst-sektoren om ein tydelegare vaktmester-funksjon ved skulane vert fulgt opp! Me har tru på at dette vil føre til eit betre fysisk arbeidsmiljø for både tilsette, lærarar og elevar og dermed styrkar trivselen for alle.

Me ber om at teknisk fylgjer dette opp, og får på plass ei vaktmester-ordning. Teknisk sjef får fullmakt til å utforma ei ordninga som er best mogleg for alle skulane.

Me ber om tilbakemelding på status på ordninga og eventuelle økonomiske justeringar i budsjettmøtet i desember.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 38/2026 Økonomisk rapportering - 1.tertial 2026:

Vedtak frå kommunestyret:

Driftsbudsjett 2026 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2026 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 39/2026 Rammer for årsbudsjett 2027

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram fylgjande framlegg til vedtak:

Takk for orientering av rådmannen, og kan støtte rådmannen i forslaget sitt. Det var nyttig. Likevel, Masfjorden Ap er framleis uroa for den økonomiske utviklinga i kommunen.

Viser til innlegg i sak 38, om utgreiing av omstillingsarbeidet i økonomien og sektorane.

Forslag til tilleggsvedtak :

Kommunestyret imøteser ein reell og konkret plan for omstillingsarbeidet i drift av rådmannen, som er naudsynt å gjennomføre innan 2 år

Tove Kristin Sleire Tistel (V) ber om at kommunestyre stille seg bak ei bestilling til administrasjonen om;

1. Å gje kommunestyre ei klargjering på kva situasjonen i Matre krins vil føre til, med det negative elevtalet som alt er kjent for kommunestyret. Pedagogiske og økonomiske omsyn.
2. Gjennomgå drift i Pleie og omsorg (samanlikne med Gulen)- Er det aktuelt å gjennomføre ei ekstern eller intern analyse av sjukeheims drifta og heimetenestene. Sjå på kvifor Masfjorden er dyrare enn Gulen? Kan turnusar gjerast meir effektive? Kan sjukefråværet pressast ned? Kan teknologiske hjelpemiddel (velferdsteknologi) redusere behovet for natt- og helgevakter? Korleis vil omsorgsbustader + påverke dette når dei vert etablert?

Røysting :

Det blei fyrst røysta over Ap sitt forslag til tilleggsvedtak. Framlegg til tilleggsvedtak frå (Ap) blei samrøystes vedteken.

Det blei så røysta over Venstre sitt forslag nr.1 med 4 røyster(1 V og 3 Ap) for og 13 i mot . Forslaget fall.

Det blei så røysta over Venstre sitt forslag nr.2 med 11 røyster mot og 6 (V, Ap, 1 frå Frp) røyster for. Forslaget fall.

Framlegg til Ap sitt tilleggsvedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 39/2026 Rammer for årsbudsjett 2027:

Vedtak frå kommunestyret med tilleggsvedtak som omhandlar siste setning:

Vedtak frå kommunestyret med tilleggsvedtak som omhandlar siste setning :

Tillegg/justert framlegg til vedtak, basert på drøfting i formannskapet 17.6, rammesak 2027,

Basert på eit utfordringsbilde i form av demografiskifte, nedgang yngre, auke eldre, nedgang i folketalet generelt sett, konsesjonskraft/datasenter, tilstramming kommunesektoren for å satse på forsvar, miljø, beredskap etc., gjer at kommunen må gjere grep for å sikre framleis balanse i kommuneøkonomien.

DRIFTSRAMMER, NETTO (tal i heile tusen)	Ramme budsjett 2027
FOLKEVALGTE ORGAN	4 500
ADMINISTRASJON	20 500
BARNEHAGE	25 500
SKULE	60 000
HELSE	19 500
SOSIAL OG BARNEVERN	8 500
PLEIE OG OMSORG	89 000
KULTUR	8 500
KYRKJA	4 300
TEKNISK	23 000
ANDRE TENESTEOMRÅDER	-37 200
Sum fordelt til drift	226 100

Gir eit netto driftsresultat på 4,3 mill.kr. og 1,25%

Mellombels oppheving av økonomiske måltal for 2026 & 2027

Satsing i form av medfinansiering fylkeskommunale vegar, Masfjordsambandet, private utbyggingsavtalar etc., finansiert i stor grad av fond, slår hardt utover måtalet netto driftsresultat. Låneramma for investering vert sett til 10 mill.kr.

Kommunestyret imøteser ein reell og konkret plan for omstillingsarbeidet i drift av rådmannen, som er naudsynt å gjennomføre innan 2 år.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 40/2026 Revidert kraftfondsbudsjett for 2026

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at fylgjande blei protokollført:

Ber om å få oversikt over bruk av prosjektet «Ta fjorden i bruk att» ved neste revidering av budsjettet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 40/2026 Revidert kraftfondsbudsjett for 2026:

Vedtak frå kommunestyret:

Revidert kraftfondsbudsjett for 2026 vert godkjent slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 41/2026 Konesjonskraft, definisjonen alminneleg forsyning og datasenter

Ordførar orienterte om saka.

Torill Torsvik Størkersen (A) bad om at fylgjande blei protokollført :

Underteikna og Masfjorden Arbeidarparti som sådann, støttar råmannen sitt kritiske brev til Energidepartementet, der han kritiserar departementet si avgjerd om å endra forvaltningspraksisen for konesjonskraftordninga, slik at kraftforbruk i datasenter ikkje lenger skal reknast som del av den alminnelege elektrisitetsforsyninga. Dette er gjort utan høyring, eller om forslag til god overgangsordning er lagt fram. Masfjorden Ap vil gjere det me kan for å få dette administrative vedtaket løfta politisk og med det reversert.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 41/2026 Konesjonskraft, definisjonen alminneleg forsyning og datasenter:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune reagerer kraftig og går i mot Energidepartementet (ED) si pressemelding 6. mai 2026, med omgjerung av eige (ED) vedtak (frå 2018) om at datasenter vert omfatta som del av definisjonen alminneleg forsyning i konesjonskraftordninga, og dermed fråteke vertskommunane ein viktig del av dei lovbestemte konesjonskraftrettane, utan forhandsvarsel eller høyring, og som langt på veg undergrei meir enn 8 års arbeid i kommunen for å få etablert datasenter i kommunen. Det vert sendt eit formelt brev til ED med uttale basert på tekst tatt inn under samandrag.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 42/2026 Etablering av selskap for bruk av overskotsenergi på Matre

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 42/2026 Etablering av selskap for bruk av overskotsenergi på Matre:

Vedtak frå kommunestyret :

Masfjorden kommune gjev rådmannen fullmakt til å etablere kommunalt aksjeselskap som skal arbeida for bruk av overskotsenergi på Matre.

Selskapet skal ha som føremål å utvikle, etablere, eige og drifte anlegg og infrastruktur knytt til utnytting av framtidige varmtvatnressursar på Matre.

Kommunen skal vere eineigar av selskapet ved stiftinga og ha alle aksjar.

Kommunen teiknar samtlege aksjar i Matre Varmtvatn AS med ein aksjekapital på kr 500 000. Kapitalen vert innbetalt frå kommunen sitt kraftfond.

Formannskapet sine faste medlemmer utgjer styret i selskapet. Kommunestyret utgjer general forsamlinga.

Framlegg til vedtekter for selskapet vert godkjent slik dei ligg føre som vedlegg til saka.

Rådmannen vert beden om å leggja fram eiga sak om finansiering av nærvarmeanlegget når endeleg kostnadsoverslag, driftsbudsjett og finansieringsplan ligg føre. Det vert løyvd kroner 550.000 til å gjennomføra eit forprosjekt for å få utarbeid eit komplett teknisk og økonomisk underlag somunderlag for eit slikt vedtak.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 43/2026 Framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar i Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 43/2026 Framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar i Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret :

Kommunestyret godkjenner framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar i Masfjorden kommune dagsett 11.05.2026. med desse endringane:

Nye kulepunkt under punkt 2 vilkår:

- Det vert gitt maks 1 tilskot pr. driftseining.
- Ved sameige så kan 1 søkar pr, driftseining

Nytt kulepunkt under punkt 3:

- Kommunen skal gjere ei landbruksfagleg vurdering med synfaring frå landbrukskontoret før vedtak.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 44/2026 Trafikksikringsprosjekt ved Nordbygda skule

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 44/2026 Trafikksikringsprosjekt ved Nordbygda skule:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret løyver inntil kroner 3.638.975 til trafikksikring ved Nordbygda skule.

Det vert vist til vedlagde skisse og notat frå Norconsult AS som skildrar tiltaket med rundkøyring, fortau og veglys med vidare.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 45/2026 Framlegg til endring av reguleringsplan for bru over Masfjorden - offentlig ettersyn

Norconsult møtte og orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 45/2026 Framlegg til endring av reguleringsplan for bru over Masfjorden - offentlig ettersyn:

Vedtak frå kommunestyret :

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 at framlegg til endring av reguleringsplan for bru over Masfjorden vert lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin §12-10. Det vert vist til vedlagde plandokument. Rådmannen får fullmakt til å kvalitetssikra plandokumenta før dei går ut på høyring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 46/2026 Framlegg til reguleringsplan for Hosteland Aust - fleirbrukshall

Norconsult møtte og orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Ørjan Daae (Frp) sette fram fylgjande framlegg til tilleggsvedtak : Kommunestyret ber om at det blir utarbeidd ein massebalanseanalyse.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fram fylgjande framlegg tilleggsvedtak :

Venstre ynskjer at kommunen arbeider fram ei sak knytt til moglegheiter for alternativ B- og området med barnehage og frivillighetsentral /gamle legekantoret, i tillegg til at reguleringsplan vert sendt ut på høyring.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) bad om fylgjande protokollert:
Venstre støtter ikkje ekspropiering

Torill Torsvik Størkersen (AP) bad om fylgjande protokollert :

Masfjorden Arbeidarparti

- kjem ikkje til å støtte ekspropriering.
- meiner at andre areal (tomt B) må greiast ut og vurderast òg.
- er ikkje imot å få fleirbrukshall, men mhp. økonomi så må andre «må»-oppgåver komme føre, td. omsorgsbustadar pluss. Dette er ei «ha lyst på»- oppgåve.

Torill Torsvik Størkersen sette fram fylgjande forslag tilleggsvedtak:

Tomt B må også greiast ut, arealmessig samstundes som saka ligg på høyring, og vert lagt til sakshandsaminga då.

Røysting:

Det blei fyrst røysta over tilleggsvedtak frå Frp :

- Kommunestyret ber om at det blir utarbeidd ein massebalanseanalyse.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Det blei så røysta over tilleggsvedtak frå Venstre :

- Kommunestyret ynskjer at kommunen arbeider fram ei sak knytt til moglegheiter for alternativ B- og området med barnehage og frivillighetsentral /gamle legekantoret, i tillegg til at reguleringsplan vert sendt ut på høyring.

Forslaget fekk 5 røyster for (V og Ap) og fall.

Det blei så røysta over tilleggsvedtaket til Ap .

- Tomt B må også greiast ut, arealmessig samstundes som saka ligg på høyring, og vert lagt til sakshandsaminga då.

Forslaget fekk 5 røyster for (V og Ap) og fall.

Forslag til tilleggsvedtak frå Frp vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 46/2026 Framlegg til reguleringsplan for Hosteland Aust - fleirbrukshall:

Vedtak frå kommunestyret med fylgjande tilleggsvedtak som omhandlar siste setning:

Framlegg til reguleringsplan for Hosteland aust – fleirbrukshall, vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentleg ettersyn.

Frist for merknader vert sett til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Kommunestyret ber om at det blir utarbeidd ein massebalanseanalyse.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 47/2026 Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 - 2039

Saka vart drøfta.

Framlegg til tilleggstekst frå Vebjørn Haugsdal (H):

Kommunestyret vil difor at planprogrammet tydeleg synleggjer:

1. Prioriterte tiltak langs E-39 gjennom Masfjorden.
2. Ei betre skilting av forkjørsvog og vikeplikt på fylkesvegane i Masfjorden.
3. Fokusere på oppvekstområda når det gjeld kommunale trafikksikringstiltak.

Framlegg til tilleggstekst frå Vebjørn Haugsdal (H) vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 47/2026 Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 - 2039:

Vedtak frå kommunestyret med tilleggstekst:

Kommunestyret godkjenner framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 – 2039 . Vedtaket er med heimel i plan- og bygningslova sin § 4-1.Det vert vist til vedlagde dokument : Framlegg til planprogram Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 – 2039.

Kommunestyret vil difor at planprogrammet tydeleg synleggjer:

1. Prioriterte tiltak langs E-39 gjennom Masfjorden.
2. Ei betre skilting av forkjørsvog og vikeplikt på fylkesvegane i Masfjorden.
3. Fokusere på oppvekstområda når det gjeld kommunale trafikksikringstiltak.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 48/2026 Gjennomføring av avtale som gjeld tap av parkeringsplassar i samband med fylkesvegutbetring ved gnr.20 bnr. 1 ved Rekneset.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 48/2026 Gjennomføring av avtale som gjeld tap av parkeringsplassar i samband med fylkesvegutbetring ved gnr.20 bnr. 1 ved Rekneset.:

Vedtak frå kommunestyret:

Det vert løyvd inntil krone 300.000 eks mva for gjennomføring av avtale knytt til etablering av fem parkeringsplassar og ny avkøyring på gnr. 20 bnr. 1. Masfjorden kommune vert byggherre, jf. avtalen som ligg ved saka. Prosjektet vert finansiert over fond.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 49/2026 Samarbeidsavtale for regionrådet Nordhordland IPR (interkommunalt politisk råd)

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 49/2026 Samarbeidsavtale for regionrådet Nordhordland IPR (interkommunalt politisk råd):

Vedtak frå kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtar at verksemda til Regionrådet Nordhordland vert regulert som eit interkommunalt politisk råd (IPR), jamfør kommunelova, kapittel 18.
2. Kommunestyret vedtek «Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR» slik den ligg føre (jf. saksvedlegg 1).

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 50/2026 Godkjenning av endring av ny samarbeidsavtale for Vest brann og redningsregion KO

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 50/2026 Godkjenning av endring av ny samarbeidsavtale for Vest brann og redningsregion KO:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KO.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 51/2026 Val av styremedlemer til styret i Stordalen skisenter as

Geir Egil Haugsvær (Sp) sitt i styret i Stordalen Skisenter AS og ber kommunestyret vurdere habilitet. Kommunestyret vurderer Geir Egil Haugsvær som inhabil, og han blir beden om å forlate møterommet under avstemming.

Veronica Hjartholm (H) ber kommunestyret vurdere habilitet. Kommunestyret vurderer ho som habil.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 51/2026 Val av styremedlemer til styret i Stordalen skisenter as:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune sine kandidatar til styret i Stordalen skisenter AS er:

Svein Helge Hofslundsengen

Geir Egil Haugsvær

Vara: Per Einar Langhelle

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 52/2026 Val av styremedlemer til styret i Einekavane as

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 52/2026 Val av styremedlemer til styret i Einekavane as:

Vedtak frå kommunestyret:

Kandidatar til styret i Einekavane AS er:

1.: Liv Oda Dale

2.: Svein Helge Hofslundsengen

Vara: Bjarte Dyrkolbotn

Kandidat til styreleiarvervet er: Liv Oda Dale

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 53/2026 Forslag om reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 53/2026 Forslag om reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret i Masfjorden sluttar seg til at nullutsleppsrabatten for bilar i takstgruppe 1 i bompeng einnkrevjinga i Nordhordlandspakken vert redusert frå 50 % til 30 % av ordinær takst.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 54/2026 Framlegg til visuell identitet for Masfjorden kommune 2026

Vilje Nordby Knarvik møtte og orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Høgre sette fram framlegg til endring på den visuelle identiteten frå Masfjorden kommune:

Kommunestyret godkjenner den visuelle identiteten for Masfjorden kommune med desse endringane:

1. Forandre overskrift «Alternativt kommunevåpen» til «Forenkla kommunevåpen»
2. Tilføre kraftlinjer i designsystemet
3. Få designsystemet i sin heilheit til å henge meir i hop. Med fjellformasjonar som representera Masfjorden og ta med den flotte fjorden vår.
- 4.. La einingane bruke sekundærfargane fritt og på tvers av einingane.
5. Bytte bilde på «banner» s 14.

SP sette fram framlegg til endring på vedtak :

- 2- vannturbin og ikkje kraftledning
- 3- Administrasjonen sin farge i tillegg til grå

Høgre sette fram nytt framlegg til endringforslag:

Bytte administrasjonsfargen til å bruk Masfjord rød, Masfjord gul og Masfjord blå og Lilla.

Ap sette fram framlegg til endring på vedtak :

1. Beholde fargene, men open for at adm. fargen får bruke andre upolitiske fargar, slik som lilla.
2. Fjerne bilde av Tarzanbanen
3. Behalde symbola, men gjerne legge til andre som traktor, vassturibin ol.
- 4 . Bytte bilde på «banner» s 14.

Det blei jobba fram i møtet fylgjande vedtak blant forslaga som kom inn :

1. Forandre overskrift «Alternativt kommunevåpen» til «Forenkla kommunevåpen»

2. Tilføre fleire symbol til databasen som t.d traktorar, vannturbinar og andre element du finn i Masfjorden.

3. Få designsystemet i sin heilheit til å henge meir i hop Med fjellformasjonar som representera Masfjorden og ta med den flotte fjorden vår.

4 . Bytte bilde på «banner» s 14.

5. Ta med logoen til Delbar.

6. Åpen for at adm. fargen får bruke andre upolitiske fargar, slik som lilla og kommunen sine fargar, som er raud, gul og blå.

Framlegg til endringar på vedtak til visuell identitet for Masfjorden kommune vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 54/2026 Framlegg til visuell identitet for Masfjorden kommune 2026:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner den visuelle identiteten for Masfjorden kommune med fylgjande endringar :

1. Forandre overskrift «Alternativt kommunevåpen» til «Forenkla kommunevåpen»
2. Tilføre fleire symbol til databasen som t,d traktorar, vannturbinar og andre element du finn i Masfjorden.
3. Få designsystemet i sin heilheit til å henge meir i hop. Med fjellformasjonar som representera Masfjorden og ta med den flotte fjorden vår.
- 4 . Bytte bilde på «banner» s 14.
5. Ta med logoen til Delbar.
6. Åpen for at adm.. fargen får bruke andre upolitiske fargar, slik som lilla og kommunen sine fargar, som er raud, gul og blå.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 55/2026 Mellombels endring av alkohollova (unntak for maksimaltid for skjenking under fotball VM herrar 2026)

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 55/2026 Mellombels endring av alkohollova (unntak for maksimaltid for skjenking under fotball VM herrar 2026):

Vedtak frå kommunestyret:

Med heimel i alkohollova § 4-4, og lovendring om mellombels justering av skjenketidene, innfører Masfjorden kommune dei mellombelse endringane slik det er vist til i lovvedtak 41/2025-2026 med maksimal skjenketid for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 08:00 til kl 06:00 i tidsrommet 1.juli til 19.juli 2026.

Utvidinga gjeld kun skjenking innandørs, og under føresetnad av at skjenkestaden viser direktesende kampar i fotball-VM for herrar 2026 for gjestene på staden.

Skjenkestader som ynskjer å nytte seg av utvida skjenketider må varsle kommunen om dette seinast 3 virkedagar i førevegen.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 56/2026 Referat- og orienteringssaker

Orienteringssaker :

Orienteringar, ca. 10.15 – 11.30

- Barnevern – tilstandsrapport v/Jane Hesjedal
- Masfjordfjella nasjonalpark v/repr. Statsforvaltar

Referatsaker :

- Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære
- Høyringsbrev - endringar i organisasjonstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt.
 - Blir tatt opp som sak i neste kommunestyre.
- Som Vestland fylkeskommune må også kommunane ta kulturansvar. Fråsegn frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune til kommunestyra i Vestland fylke.
- Informasjon om innsyn i kommunane og fylkeskommunane
- Avslag på søknad om økonomisk bidrag til evakueringsbil
- Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 10.06.2026
- Møteprotokoll frå eldrerådet 10.06.2026
- Møteprotokoll frå ungdomsrådet 28.05.2026
- Protokoll frå Representantskap 1-2026 Region Nordhordland Helsehus IKS, fredag 12. juni

Vedtak frå Kommunestyret - 30.06.2026 av sak 56/2026 Referat- og orienteringssaker:
Referat - og orienteringssaker vert teken til vitring.